



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 21.04.2016
Tid: 11:00 – 16:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift

Wenche Tislevoll
ordfører

Agnar Aarskog

Dagfinn Brekke

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 20/16	Godkjenning av protokoll	
PS 21/16	Høyring - etablering av tvisteløysingsmekanisme for tvistar mellom stat og kommune	
PS 22/16	Eigarmøte Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	
PS 23/16	Lege-/helsesenter i kommunen - val av løysing	
PS 24/16	Utleige av plassar i sjukeheim til Stord kommune	
PS 25/16	Auka personalressursar til flyktningetenesta.	
PS 26/16	Gartneritunet	
PS 27/16	Søknad om stønad til Fitjarfestivalen	
PS 28/16	Startlån	X
PS 29/16	Ymse	
PS 30/16	Meldingar	
PS 31/16	Personalsak	X

Møtet var innleia med informasjon om SIM, ved dagleg leiar Terje Gilje og nestleiar i styret, Rune Sandvik.

Leiar ved Litlabø mottak, Håkon Frode Særsten informerte om vilkår og økonomi dersom det vert etablert flyktningmottak i Fitjar kommune.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader. Representantane Agnar Aarskog (AP) og Arne Prestbø (H) tok opp møtetidspunktet.

PS 20/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokollen frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 21/16 Høyring - etablering av tvisteløysingsmekanisme for tvistar mellom stat og kommune

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune er grunnleggjande positiv til framlegga i høyringsnotatet, og støttar i hovudsak KS sin høyringsuttale i saka.

Fitjar kommune meiner lovframlegget vil styrka kommunar sitt høve til å vinna fram i interessekonfliktar høvesvis statlege organ. Ulikskapen i vurderingar frå ulike statlege organ (til dømes ulike fylkesmenn) i like saker gjer at det er naudsynt å ha høve til rettsleg prøving av desse organa sine vedtak.

Eit spørsmål er om det skal opprettast særskilde organ eller om rettsapparatet skal nyttast. Fitjar kommune meiner at rettsapparatet skal nyttast for desse sakene. Fitjar kommune er positiv til framlegget om endringar i forvaltningslova § 34, som vil styrkja det kommunale frie skjønn.

Ein ønskjer i tillegg å gje ein nærare uttale til nokre spørsmål:

- Kapittel 3.9.2: Fitjar kommune støttar KS si løysing for å sikra omsynet til føreseielege velferdstenester for innbyggjarane.
- Kapittel 3.10: Departementet sitt framlegg er etter Fitjar kommune sitt syn sjølvmotseiande. Dersom kommunen vinn fram i retten, men ikkje har lov til å gjera om vedtaket i tråd med rettsvurderinga, må det vera høve til å krevja kostnadane ved vedtaket dekkja av staten.
- Kapittel 4.4: Fitjar kommune støttar framlegg B, og meiner endringane fyrst vil ha praktisk verknad om kommunane kan få prøvd statsorganet sine vurderingar av om saka «... er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller av andre grunner er av vesentlig betydning for vedkommende organs saksområde», jf. § 5-5 fyrste ledd. Det er desse spørsmåla det er knytt største usemje om mellom stat og kommune.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om bakgrunn for saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 22/16 Eigarmøte Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tek orienteringa frå selskapet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:
Kommunestyret gjev utsendingane til representantskapet i Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS følgjande mandat:

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Formannskapet drøfta saka, og kom med følgjande tillegg til mandat under tilrådinga:

Fitjar kommune ser med uro på evt arbeidsplasser som kan forsvinna frå Svartasmoget med tanke på flytting av administrasjon.

Vedtak/tilråding: (Samrøystes)

Formannskapet tek orienteringa frå selskapet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:
Kommunestyret gjev utsendingane til representantskapet i Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS følgjande mandat:
Fitjar kommune ser med uro på evt arbeidsplasser som kan forsvinna frå Svartasmoget med tanke på flytting av administrasjon.

PS 23/16 Lege-/helsesenter i kommunen - val av løysing

Framlegg til tilråding:

Utval for oppvekst og omsorg rår formannskapet til å gjera fylgjande vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:
Fitjar kommune vel ei delt løysing med helsestasjon i eksisterande lokale, og legesenter i tannlegefløyen på FBB.

Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 4,2 mill.

Kommunestyret gir løyve til oppstart av tiltaket.

Subsidiert(dersom ein ynskjer samla løysing):

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune vel ei samla løysing med helsestasjon og legesenter i Todlak/Larsenbygget.

Ordførar får fullmakt til å skriva under leigekontrakt med

Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 8,2/10,0(10,5) mill.

Kommunestyret gir løyve til oppstart av tiltaket.

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 12.04.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka. Utvalet drøfta saka grundig.

Representanten Harald Rydland (KRF) kom med følgjande framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

1. Fitjar kommune vel ei samla løysing med helsestasjon og legesenter i Sparebankbygget.
2. Ordførar får fullmakt til å skriva under leigekontrakt med Todlak AS i tråd med det som kjem fram i saksutgreiinga.
3. Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 8,2 mill.
4. Kommunestyret gjev løyve til oppstart av tiltaket.

Ved røysting fekk representanten Harald Rydland (KRF) sitt framlegg 3 røyster (SP, AP og KRF). Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster (H), og fall.

Det ligg etter dette føre slik;

Tilråding til formannskapet: 3 røyster (SP, AP og KRF) mot 2 røyster (H)

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

1. Fitjar kommune vel ei samla løysing med helsestasjon og legesenter i Sparebankbygget.
2. Ordførar får fullmakt til å skriva under leigekontrakt med Todlak AS i tråd med det som kjem fram i saksutgreiinga.
3. Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 8,2 mill.
4. Kommunestyret gjev løyve til oppstart av tiltaket.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om status for saka, og svarta på spørsmål frå formannskapet. Formannskapet drøfta saka, spesielt i høve økonomi.

Representanten Wenche Tislevoll (H) la føre rådmannen sitt framlegg til vedtak: Fitjar kommune vel ei delt løysing med helsestasjon i eksisterande lokale, og legesenter i tannlegefløyen på FBB.

Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 4,2 mill.

Kommunestyret gir løyve til oppstart av tiltaket.

Ved røysting vart framlegg frå Wenche Tislevoll satt opp mot tilrådinga frå utval for oppvekst og omsorg:

1. Fitjar kommune vel ei samla løysing med helsestasjon og legesenter i Sparebankbygget.
2. Ordførar får fullmakt til å skriva under leigekontrakt med Todlak AS i tråd med det som kjem fram i saksutgreiinga.
3. Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 8,2 mill.
4. Kommunestyret gjev løyve til oppstart av tiltaket.

Ved røysting fekk representanten Wenche Tislevoll (H) sitt framlegg 4 røyster (H, Ap og FRP). Tilrådinga frå utval for oppvekst og omsorg fekk 1 røyst (KRF), og fall.

Det ligg etter dette føre slik;

Tilråding: (4 røyster (H, AP og FRP mot 1 røyst (KRF))

Fitjar kommune vel ei delt løysing med helsestasjon i eksisterande lokale, og legesenter i tannlegefløyen på FBB.

Investeringsramma på 3,9 mill vert auka til 4,2 mill.

Kommunestyret gir løyve til oppstart av tiltaket.

PS 24/16 Utleige av plassar i sjukeheim til Stord kommune

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utval for oppvekst og omsorg rår Formannskapet til å godkjenna «Avtale om bruk av plassar i sjukeheim» slik den ligg føre.

Avtalen kan tre i kraft når både partane har godkjent og signert avtalen.

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 12.04.2016:

Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen presiserte at sum brutto inntekt i saksframlegget skal vera 2,2 mill, ikkje 2,0 som står i saka.

Tilråding: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner «Avtale om bruk av plassar i sjukeheim» slik den ligg føre.

Avtalen kan tre i kraft når både partane har godkjent og signert avtalen.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen orienterte. I lys av kapasitet på sjukeheimen, og kommunen sin økonomiske situasjon no, er dette ei forsvarleg løysing.

Formannskapet drøfta saka.

Administrasjonen kom med følgjande framlegg om tilleggspunkt til vedtaket: Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre endringar i avtaleteksten dersom det er trong for det.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner «Avtale om bruk av plassar i sjukeheim» slik den ligg føre.

Avtalen kan tre i kraft når baa partane har godkjent og signert avtalen.

Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre endringar i avtaleteksten dersom det er trong for det.

PS 25/16 Auka personalressursar til flyktingetenesta.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utval for oppvekst og omsorg rår Formannskapet til å oppretta ei ny stilling som flyktingkonsulent 60 % stilling frå 01.07.16.

Stillinga skal finansierast i 2016, med kr. 170 000 av det ekstra tilskotet ein fekk i 2015. For 2017 må stillinga leggjast inn i ordinært budsjett

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 12.04.2016:

Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen og skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om bakgrunn for saka, og svara på spørsmål frå utvalet.

Rådmann Atle Tornes presiserte at i pkt 2 i tilrådinga skal det stå: «for 2015» i staden for «ein fekk i 2015».

Tilråding: (Samrøystes)

Det vert oppretta ei ny stilling som flyktingkonsulent 60 % stilling frå 01.07.16.

Stillinga skal finansierast i 2016, med kr. 170 000 av det ekstra tilskotet for 2015. For 2017 må stillinga leggjast inn i ordinært budsjett.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Rådmann Atle Tornes og skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om bakgrunn for saka. Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Det vert oppretta ei ny stilling som flyktingkonsulent 60 % stilling frå 01.07.16.

Stillinga skal finansierast i 2016, med kr. 170 000 av det ekstra tilskotet for 2015. For 2017 må stillinga leggjast inn i ordinært budsjett.

PS 26/16 Gartneritunet

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstarting av arbeida med omsorgsbustader på Gartneritunet, steg 1 i prosjektet, i samsvar med saksutgreiing.

Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale med Grunnaleite & Lindstrøm prosjektservice as, om bygging av omsorgsbustadane, samt å forhandle fram oppdatert framdriftsplan for prosjektet.

Administrasjonen får fullmakt til eventuelt å ta inn opsjonar i steg 2 i prosjektet, dersom dei vert vurdert som lønsame.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Representanten Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere hennar habilitet. Hennar mann har eigarinteresser i Engevik og Tislevoll AS, som er ein av tilbydarane. Representanten vart samrøystes erklært inhabil.

Nytt saksframlegg og vedtak vart sendt på iPad før møtet, grunna presisering om forhandlingsheimel.

Rådmann Atle Tornes orienterte om status for saka.

Rådmannen endra sitt framlegg til vedtak som skal lyde slik:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å ha ein kontraktsgjennomgang med Grunnaleite & Lindstrøm prosjektservice as.

Oppdraget vert tildelt Grunnaleite & Lindstrøm prosjektservice as, dersom kontraktsgjennomgangen ikkje viser vesentlege feil og manglar med tilbodet. I slikt tilfelle kan det takast opp tingingar med Berge sag og trelast as, og Engevik & Tislevoll as, i nemnde rekkefølge.

Rådmannen får fullmakt til: å inngå endeleg avtale om bygging av omsorgsbustadane i steg 1 og å forhandle fram oppdatert framdriftsplan for prosjektet, samt førebels avtale å ta inn opsjonar i steg 2 i prosjektet, dersom dei vert vurdert som lønsame.

Kommunestyret vedtek oppstarting av arbeida med omsorgsbustader på Gartneritunet, steg 1 i prosjektet, i samsvar med saksutgreiing.

Eventuell avtale om bruk av opsjon og oppstart av steg 2 skal godkjennast av formannskapet.

Tilråding: (Samrøystes)

Rådmannen får fullmakt til å ha ein kontraktsgjennomgang med Grunnaleite & Lindstrøm prosjektservice as.

Oppdraget vert tildelt Grunnaleite & Lindstrøm prosjektservice as, dersom kontraktsgjennomgangen ikkje viser vesentlege feil og manglar med tilbodet. I slikt tilfelle kan det takast opp tingingar med Berge sag og trelast as, og Engevik & Tislevoll as, i nemnde rekkefølge.

Rådmannen får fullmakt til: å inngå endeleg avtale om bygging av omsorgsbustadane i steg 1 og å forhandle fram oppdatert framdriftsplan for prosjektet, samt førebels avtale å ta inn opsjonar i steg 2 i prosjektet, dersom dei vert vurdert som lønsame.

Kommunestyret vedtek oppstarting av arbeida med omsorgsbustader på Gartneritunet, steg 1 i prosjektet, i samsvar med saksutgreiing.

Eventuell avtale om bruk av opsjon og oppstart av steg 2 skal godkjennast av formannskapet.

PS 27/16 Søknad om stønad til Fitjarfestivalen

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret utan tilråding. Ber om at leiar for Fitjarfestivalen kjem i kommunestyret 27.04.16 og orienterer om planar og budsjett for årets festival.

Vedtak:

PS 28/16 Startlån

PS 29/16 Ymse

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om valstyret sine oppgåver på valdagen for folkerøysting, måndag 25. april. Valstyret møter i kommunestyresalen kl. 21.00.

Ordføraren delte ut pressemelding frå LNVK: Løftebrudd fra regjeringen.

PS 30/16 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldings sakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 21.04.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 31/16 Personalsak